

# Varhaug Misjonshus

*Kunstverk av  
Per Odd Aarrestad.  
Ved innvielse av ny  
møtesal 11/9-2005.  
Gitt som gave av  
SR-Bank Varhaug*



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

## Innhald:

**Andakt**  
**Min song**  
**Sentrum Menighet**  
**Marta Bøe**  
**Julemesser**

Side 5  
Side 7  
Side 8-11  
Side 12-13  
Side 18-20

**Litt om barnearbeidet** Side 22  
**NOR-kvinnene** Side 24-25  
**Der mesteren vandra** Side 26-27  
**Hilsen fra Tunisia** Side 28-29  
**Mi bok** Side 30-31

# ODLAND a/s

FORSKALING OG STØYPING



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7

4360 Varhaug

Telefon: 51430937

Fax: 51433364

Mobil: 90889556



### Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

The logo for SI.BYGG features the text 'SI.BYGG' in a large, bold, black font. Below it is the website address 'www.sibbygg.no' in a smaller, black font. To the left of the text are three green squares and a circular logo with the letters 'TTT' and the word 'MESTER' below it.

**SI.BYGG**  
[www.sibbygg.no](http://www.sibbygg.no)

**MESTERHUS** – det blir som avtalt



## FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

### Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

2 - 2020

32. ÅRGANG

### Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

### Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Harald Dyrøy

Mob. 958 23 365

### Det Norske Misjonselskap

Leiar:

Sigrun Bakke

Mob: 957 04 371

### Normisjon

Leiar:

Øystein Varhaug

Mob: 970 90 811

### Indremisjonsforbundet

Formann:

Toralf Liene

Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Mob: 476 01 167

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Tlf. 900 58 503

# Frå redaksjonen



Når folk på Varhaug får dette bladet i hende, er det nok mange som allerede har begynt å tenkja på jul. Denne jula vert nok som det siste halvåret me har vore gjennom, merka av coronapandemien, sjølv om me til nå ikkje har merka så mykje direkte til det på Varhaug. Men me får stadig beskjed frå myndighetene om å halda avstand, vaska hendene og ikkje vera for mange i lag på ei gong.

Dette gjeld og for oss på Misjonshuset. Alle aktiviteter skal gjennomførast i tråd med helsemyndighetene sine tilrådingar. Sjølv om me ikkje her til nå ha fått smittesituasjonen heilt inn under skinnet, så kan dette fort endra seg. Her gjeld det å vera på vakt! Berre familiar kan sitja saman, elles så er det nå berre lov å bruka kvar 2. stol. Alle vert registrerte med namn og telefonnummer, slik at det skal vera mogeleg med smittesporing etterpå, om det skulle verta nødvendig.

Aktivitettane på Misjonshuset starta forsiktig opp etter ferien, og har framleis ikkje kome opp på «normalt» nivå. Det har vore lite med basarar denne hausten. Så kva med julemessene? Det er vel dei som oftast i tillegg til «Me syng jula inn» som samlar mest folk på Misjonshuset. Programmet for julemessene framgår inne i bladet; det vert eit noko enklare program enn før.

Me syng jula inn 13. desember kl 18.

Denne gongen har Sjur besøkt Nor-kvinnene, og der var det mykje liv. Karin Lerbrekk har laga ei oversikt med status for barnarbeidet i desse tider. Tor Jarle Ueland skriv om bananar og mandarinar i andakten. Min song er levert av Einar Reime. I «Mi bok» skriv Sigbjørn Varhaug om ho Sina Homstøl, som i unge år drog frå Lofoten til Amerika, og enda opp som kone på ein fjellgard langt nord i øvre Kvinesdal. Ho vart kalla «dronning i Guds utmark».

Per Åge Skretting

I redaksjonen: Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Njål Omland og Karin Lerbrekk.

*Møtesalen i Misjonshuset vart teken i bruk i 2005. Då gav SRbank Varhaug eit kunstverk av Per Odd Aarrestad. Nå har styret fått laga ein plakett som er festa på høgre kanten av kunstverket, sjå framsidebiletet.*



# FARGERIKE



## FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00  
E-post: post@fargerikehalvorsen.no  
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Opstadveien 643  
Postboks 54 – 4368  
VARHAUG  
Tlf.: 51798700  
post@jerentrepenor.no  
Org. nr.: 934279980  
www.jerentrepenor.no

## Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Møllevægen 4, 4360 Varhaug. (2 etg på Felleskjøpet)  
Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



[www.jarok.no](http://www.jarok.no)

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



# KAY'S

## BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver



## Leverandør av trelast og bygningsartikler




TRELAST OG BYGGEVARER  
ENGROS



Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbø  
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

## R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING  
DELIKATESSE  
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16





## Bananar og mandarinar

**Har du nokon gong prøvd å eta ein banan eller mandarin med skalet på?**

**Eg har prøvd begge deler. Banan smakar ikkje så gale med skal, men mandarin er skikkeleg «bi-ringt».**

Ideen med det heile snappa eg opp frå ein som tala, og brukte banan som eksempel.

Men då eg sjølv skulle prøva banan med skal så var det ikkje så vond smak... Ei stund seinare var eg og ein kompis på juletefesten, andre dag jul på Misjonshuset. Der fekk me servert mandarinar og fant ut at me skulle prøva den med skalet på. Og vips, så hadde me eit ennå meir graverande samanlikningsgrunnlag ;-)

Livet som me menneske har, er ei mengd ulike opplevingar som set større eller mindre spor.

Desverre er det ofte slik at vi hugsar lettare dei negative opplevingane. Kanskje du sit igjen med ei hending frå ungdomstida. Noko som kanskje skulle vera ein spøk, men blei det heilt motsette. Nokre har kanskje vorte møtt med ein lite gjennomtenkt kommentar. Andre følte seg ikkje sett og velkomne i det heile tatt då dei var innom eit arrangement i kristen regi. Og desse tinga gjer at dei mistrivst eller

ikkje vil setja foten innfor døra igjen. Eller kanskje du sit med eit inntrykk av at det kristne livet dreiar seg om reglar og bud, å syngje gamle sanger, gå på møter, lese i Bibelen eller å samle inn pengar til misjon.

Eg tenkar at opplevingar som dette kan samanliknast med smaken av banan eller mandarin med skalet på. Dei kan hindra oss i å få tak i kjerna. Nemleg ein levande og oppstått Jesus som vi kan få bli kjent med. Han som er fullkomen og som er spesialist i å møte den enkelte. Han som lengtar etter å få vera ein del av ditt og mitt liv.

Poenget mitt er ikkje å rakke ned på kristen aktivitet.

Eller å rettferdigjera dei dumme tinga me kristne gjer.

Men eg har eit inderleg ynskje om at me kan skrella vekk skalet, og få den rette smaken.

Ein god mann har sagt det omtrent slik:

«Folk har ikkje sagt nei til Jesus, dei veit berre ikkje korleis han ser ut»

Håpar at desse tankane kan hjelpa deg og meg med å ta fatt på skrellinga.

*Tor Jarle Ueland*



**Bak fv:** Torbjørn Honnemyr, Tron Stokkeland, Sigve Kydland, Georg Høien og Tarald Ånestad.  
**Framme fv.:** Per Arvid Jakobsen, Astrid Varhaug, Solfrid Harbo og Kristian Skrettingland.

## Frå Husstyret

Etter ein stille vår er det nå blitt aktivitet igjen på huset. Sjølv om me fortsatt er i koronatid har fleire lag klart å starta opp att. Me har fått på plass gode retningslinjer for bruk av huset der smittevern er i fokus. Desinfeksjonsmiddel og anibac-stativ er på plass og på alle arrangement blir dei som kjem registrerte. Me i styret er glade for at det nå let seg gjera å ha arrangement på huset.

Huset har vore leigd ut til bryllup og selskap. Dei konfirmasjonane som blei utsett i vår, var i august og september.

ÅRSMØTET for huset som skulle vore i mars, vart halde 27. august.

På årsmøtet vart det bestemt at me tek bort kravet om 5% av omsetninga, og heller aukar leigeprisane. - (liste med prisar finn du på ei av dei siste sidene i bladet )

Misjonshusbasaren kutta me ut i år.

Me har fått ein stor testamentarisk gave til huset og den skal gå til drift og vedlikehald.

Misjonshusstyret er svært takksame til dei som tenkjer på oss i testamentet sitt.

Minneplankett i messing til kunstverket av Per Odd Aarrestad i møtesalen er nå på plass.

Ellers kan me nemna at det er arbeid i gang med å bytta belysninga i matsalen.



Helsing styret  
for Misjonshuset  
Tron Stokkeland

# Min song



Vi som er såpass oppi årene husker godt vekkelsen i Varhaug kyrkje på slutten av 1950 årene. Den vekkelsestiden gjorde et sterkt inntrykk på meg som liten. Hver kveld lydde innbydelsen til å overgi seg til Gud med sangen: Kom som du er til din Frelser.

For de fleste av oss består nok livet av både lyse og mørke dager. Selv om jeg ikke har levd et utsvevende liv i det ytre, melder tvilen seg, er jeg virkelig et Guds barn? Så ofte har sangstrofen talt i mitt indre; **Kom som du er til din Frelser.** Det er vår eneste redning.

Og så slutter den så fint: Tenk, når de skinnende porter Åpnes for bruden engang! Ja, tenk!

## **Kom som du er til din Frelser**

Kom som du er til din Frelser, Smittet av vantroens dynn.  
Blodet som rant fra hans side, Renser din sjel fra all synd.

**Kor:** Kom som du er til din Frelser, Legg deg til ro ved hans bryst.  
Hør hvor det stormer der ute. Her er det fredfullt og tyst!

Hvorfor vil lenger du leve Borte fra livet i Gud?  
Verden bedrager ditt hjerte, Kom og bli Frelserens brud!

Timene flykter så hurtig, Aldri de kommer igjen.  
Engang vil dødsflodens bølge, Stanse din livsferd, min venn.

Tenk, når de skinnende porter Åpnes for bruden engang!  
Tenk, når vår Frelser oss favner Hjemme blant englenes sang!

**Sangboken nr 200**

Einar Reime





# Sentrum Menighet



**Sentrum menighet** vart stifta på Varhaug Misjonshus hausten 2018. Det er dei 4 eigar organisasjonane på Misjonshuset, **NMS, NLM, IMF** og **Normisjon** står som eigarar.

Det har lenge vært eit sterkt ynskje frå mange om å ha ein menighet eller forsamling på misjonshuset å høyra til. 2019 var det første året med gudstenester, og det var godt i gang då alt stoppa opp i mars på grunn av Covid-19.

Plutselig sa alt stopp og me kunne ikkje arrangere verken Gudstenester, møter eller årsmøte. Løysinga var, som også mange andre gjorde, å bruke internett. Å samlast til styremøte og bønne møte på nett var ein ny oppleving for mange, men det fungerte veldig godt.

Å laga gudstenester på nett var noko nytt for oss, så det vart ei bratt læringskurve.

Å leia gudsteneste, spela, syngja og tala til ein tom sal kjennes ikkje heilt naturleg ut. Vi ønskjer jo å møtast, syngja, høyra og drøsa i lag.

I alt blei det 8 Gudstenester på nett.



Me har fått mange gode tilbakemeldingar på at det var lokale sendingar når det ikkje kunne arrangerast vanlege møter og gudstenester.

I juni vart det opna opp for å kunna samlast igjen. Mange hadde veldig lyst å samlast, ein menighet er eit fellesskap og det er vanskeleg å ha eit fellesskap der ein ikkje kan vera saman. 21. juni vart det arrangert ei gudsteneste med nattverd. Det var kjempegodt å koma saman igjen og «jillt» å kunna samlast ein gong før sommaren.

I haust har det vore både Gudstenester søndag kl. 10:30 og «Sundag» kl. 19:30. Desse arrangementa er annankvar søndag. Dei første Gudstenestene var spesielle då det ikkje var Awana som er for barna. Då vart det arrangert ein kort, familievennleg gudsteneste i samsvar til gjeldene råd og regler for Covid-19.

4. oktober starta også Awana opp igjen. Opplegget er ikkje heilt som vanleg, og så å seie alle rom på misjonshuset er i bruk for å få det til. Også dette fungerer svært bra.

Me har fortsett med å ha bønne møte på nett. Partal veker Tysdag kl. 20:30 er det bønne møte på nett (Zoom) og oddetal veker på misjonshuset.

Programmet utover hausten ser ut til å gå om lag som tidlegare planlagt. Det er gudsteneste kl 10:30 i partal veker, og «Sundag» er det kl. 19:30 i oddetal veker.

Sentrum menighet er i Sentrum på Varhaug, me ønskjer å ha Gud og Jesus i Sentrum av våre liv og vere saman med og for kvarandre. Dersom du ikkje har vært innom og sett korleis det er på en Gudsteneste eller Sundag så kom og sjå ein søndag.

Gud velsigne deg, familien din og bygda vår.

*Njål Omland*



Gudstenestene er annankvar søndag. Bileta er frå første gudsteneste etter at me kunne samlasat etter ferien, 23. august. Det var Anne-Birgitte Auestad som talte. Me måtte sitja med stor avstand (2 stoler ledige til neste person, litt rart). Familier kunne sitja saman.

På slutten av gudstenesta kom familien Anne Mari og Rasmus Rasmussen fram og vart intervjuet og bedt for.

Sjå reisebrev lenger bak i bladet.

Per Åge Skretting







# Må støtte dei unge kristne

**Ho har hatt eit innhaldsrikt liv og har erfart at tilværet ikkje berre består av dagar med solskin. Nå har misjonær Marta Bø passert 85 år og er framleis i teneste.**

Sjur Håland

---

*- Med så mange år på nakken, er det klart at eg har opplevd kolossale endringar. Også i menighetslivet er mykje annleis enn før. Det må me akseptere - og me må stille oss bak dei unge som skal føre Guds rikes arbeid inn i framtida, seier Marta.*

Eg har invitert meg sjølv på besøk til huset hennar i Tjemslandshagen. Oftast er eg litt uroleg før slike besøk. Det er eg ikkje denne gongen. Marta Bø har eg kjent mest så lenge eg kan hugsa. Ho representerer det motsette av uro.

## Lærar

At ho nå har blitt godt vaksen, kan eg ikkje sjå med mine auge. Marta er som ho alltid har vore. Ei kvinne som alltid har eit smil å dela. Lun, roleg og trygg. Snill.

- Du var vikarlærer for meg. Eg trur det var i fjerde klasse.

- Var eg det, nei det kan eg verkeleg ikkje minnst, seier Marta, og ler.

- Me hadde geografi. Du tok oss med til Hardanger. Så hugsar eg at du hadde med saker og ting frå Etiopia. Fuglefjører, pilesmissar og trommer.

Marta ler igjen. Ho skjenkar kaffi og serverer tebrød med eplesylt som smeltar på tunga og lettar på tungebanda.

Jentenamnet hennar er Landro. Ho er fødd og oppvaksen i bygda med same namnet i Øygarden kommune i det som i dag er Vestland fylke. Etter utdanning arbeidde ho som lærar i Etiopia. Mellom anna underviste ho ein klasse i engelsk. Elevane måtte også læra amharisk.

- Det var ganske så krevjande, skal eg seia deg. Fleire av desse elevane kunne i utgangspunktet berre sitt eige stammespråk.

## Møtte Johannes i Addis

Seinare underviste den unge misjonæren på Den norske skulen i Addis Abeba. Det var i denne storbyen på Afrikas Horn ho møtte Johannes. Han kom frå garden Egren på Vigrestad. Johannes var også i misjonen si teneste og arbeidde som tekniskar i Mekane Jesus kyrkja sitt studio. Seinare flytte han over til radiostasjonen Evangeliets Røst. Det vart dei to. Vigsla fann stad i Addis Abeba. Til saman var Johannes i Etiopia i ni år, medan Marta si tenestetid vart seks år.

*- Ei svært gild og meningsfylt tid i lag med mange gode kollegar og vener, seier Marta.*

Planen var å vera i Etiopia til barna vart så store at dei skulle begynne i vidaregåande skule. Slik vart det ikkje. På eit heimeopphald i desember 1969, vart Johannes kreftsjuk. Marta var då gravid med Paula Sofie. Då Johannes fekk reisa heim på permisjon frå sjukehuset i mars året etter, følgde Marta og den nyfødde jenta med heim i drosjen. Det var sorger og gleder på éin gong.

Dei to bygde hus på Varhaug i 1970. Jon i Dubland og Svein Rage var raskt på pletten og inviterte Marta til å bli med i eine kvinneforeininga til NLM.

*- To mannfolk ba deg med på kvinneforeining?*

*- To mannfolk. Og eg svarte ja, og har vore med i kvinneforeininga sidan då. Det har vore gildt. Det følgjer stor velsigning med å vera med i Guds rikes arbeid, har eg erfart.*

## Sjukdomen endra alt

Sjukdommen til Johannes snudde opp ned på alle planar. Marta fortel at Bibelen og songtekstar som «Sørg o kjære fader du, jeg vil ikke sørge» og «Velt alle dine veie og all din hjertesorg, på Ham som har i eie, den hele himlens borg», var til trøyst og hjelp.

*- Me forstod jo ikkje at det kunne vera ei meining oppi alt dette. Samstundes med at det var stort behov for Johannes sin kompetanse i Etiopia, måtte me vera heime, seier ho.*

Marta fortel om krevjande år på Varhaug med små barn og ein sjuk mann.

*- Me bad om at Johannes måtte bli frisk. Gud svarte med å ta han i frå oss, det er ikkje slikt me kan forstå, seier Marta.*

Johannes døydde etter eit sju år langt sjukeleie, 8. mars 1977.

Marta seier likevel at når ho ser tilbake på livet, har Gud vore uendeleg god. Marta og Johannes

fekk fire born. Gunnar, Gordon, Paula Sofie og Terje.

*- Gud har passa på oss og velsigna oss. Løfta som står i Bibelen om enker og farlause, har Han oppfylt. Det har eg fått kjenne, seier Marta.*

## Ny misjonsteneste

Ho tenkte ei tid at misjonskallet ikkje galdt for henne lenger. Men Marta har, i tillegg til eit yrkesaktivt liv som lærar, hatt sin plass i misjonsarbeidet og foreiningslivet gjennom alle åra på Varhaug. Veslegreina, NLM-kvinneforeininga og Misjonslaget, for å nemna noko. 85-åringen vil ikkje bruka store ord om eiga teneste.

*- Eg har prøvd å vera med i Guds rikes arbeid, kanskje har eg fått vera med å formidla noko til andre. Eg håpar det, seier ho.*

Sosialt og åndeleg fellesskap på Misjonshuset er viktig. Også for Marta. Då ungane var små, måtte ho leggja dei minste før ho kunne ta på seg kåpa og gå på kveldsmøte.

*- Dette var i den gamle møtesalen. Eg kom ofte heseblesande litt etter at møtet var byrja. Dei bakre stolrekkene var opptekne. Eg måtte gå fram og setja meg, godt synleg for alle. Det er slikt eg ikkje gløymer. Men det gjekk jo greitt, seier ho, og ler.*

## Imponerende aktivitet

Innsatsen som bygdefolket har lagd ned gjennom åra i kyrkja og på Misjonshuset på Varhaug er imponerende, understrekar Marta.

*- Bønetenesta og den store aktiviteten har hatt sin verknad. Eg trur at Guds velsigning kvilar over bygda vår.*

*- Bygda har blitt større. Ikkje alle er kjent med det kristne arbeidet lenger?*

*- Det har du nok rett i. Men om det er trist at ikkje Jesus-namnet er like kjent som før i landet vårt og bygda vår, skal me verkeleg verdsetja alle dei unge som nå går inn i tenesta på Misjonshuset for å driva arbeidet vidare. Det er stort. Dei unge må me eldre støtta opp om og ta med oss i bøn, seier ho.*

## Gjenbruk

Marta er å treffa på gjenbrukbutikken på Varhaug ei gong i veka og kvar femte laurdag.

*- Eg blir jo gammal, skjønar du, så eg veit ikkje kor lenge eg kan vera med. Men det er ei utruleg gild og meningsfylt teneste. Eg treffer mange gilde folk og får ta del i gode samtalar. Av og til treng me nokon å snakka fortruleg med. Det har eg erfart, seier Marta Bøe.*



AH Bygg Auestad & Håland AS  
Møllev. 12, 4360 Varhaug  
Tlf.: 51798579

**BYGGMESTER**  
**O d d m u n d**  
**VAGLE**



Tlf 47 63 62 02  
Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

**BØEN STORKIOSK**  
**G A T E K J Ø K K E N**

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10<sup>00</sup> - 22<sup>00</sup> Fredag: 10<sup>00</sup> - 23<sup>00</sup>

Lørdag: 09<sup>00</sup> - 23<sup>00</sup> Søndag: 10<sup>00</sup> - 22<sup>00</sup>



Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveising av fjøs.

Egil Håland 416 99 617 [www.Toppaland.no](http://www.Toppaland.no) [toppaland@gmail.com](mailto:toppaland@gmail.com)



Mobil 970 55 500

**SKAL DU GRAVE?**

KONTAKT

**ERLING AUESTAD**

MASKINENTREPENØR

VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



**butikken**

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug

Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



## Styret i Ungdomslaget

*F.v bak:* Sigve Kydland, Kenneth Tjemsland, Ola S. Kalheim, Ådne Skretting

*Midt:* Daniel Hetland, Marta Bøe, Birger Kydland, Marion Askeland

*Framme:* Ingeborg Stueland, Hanne Sollesnes

*Utanom disse er Martha Nord-Varhaug med i styret.*

På baksida av bladet er det bilete av Ungdomslaget sine mål og intensjonar.

# JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER

# VIGRESTAD BYGG



## Ungdomslaget startar opp

**Ungdomslaget starta opp sine møter (omtrent kvar laurdagskveld) etter ferien den 5. september. Roald Evensen, Indremisjonsforbundet(IMF) hadde møteveke på Misjonshuset då, så han talte til ungdommane.**

Ungdomslaget har kvart år eit eller fleire misjonsprosjekt som pågår gjennom året. Dette året var det samla inn 273 tusen kroner, og det vart delt mellom Stiftelsen KPK Ukraina og Jordbrukskolens venner/Madagaskar. Det var Ellen Sofie Lyster Aarsland som tok imot gaven på vegne av KPK Ukraina og Jonas Skrettingland på vegne av Jordsbrukskolens venner/NMS.

Per Åge Skretting





# Julemesse

## Varhaug misjonshus 13.-14. november

### Fredag

19:00

Song- og musikk møte med Hananja  
Basar med kransekaker og fruktkorger

### Laurdag

11:00 – 13:00

Drive-in julemesse med sal av småkaker,  
lefses, grønnsaker, dørkransar og lodd til hovutrekking

14:00

Familiemøte  
Andakt av Anne Birgitte Auestad  
Song av Yngreskoret  
Hovudtrekking

Alt blir arrangert i henhold til FHI sine gjeldande smittevernråd

## Velkommen!



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND





# NMS julemesse

20. og 21. november

I år vert det ei annleis julemesse fordi den sosiale delen må tonast ned. Samtidig må mange arrangement avlysast og behovet for økonomisk støtte til NMS er stort.

Årets julemesse vert ei minimesse i kombinasjon med ei pengeinnsamling (dugnad) for å skaffa inntekter til NMS i ei krevjande tid.

## MESSEPROGRAM

### FREDAG 20. november

20.00 Minikonsert v/The Green Saxophones og andakt ved Jan Erik Westen. Informasjon om pengeinnsamling/kronerulling.

20.45 Varesal i matsalen med sal av lefser, pyntegrønt, småkaker o.a.

### LØRDAG 21. november

11.00 Varesal i matsalen med sal av lefser, pyntegrønt, småkaker o.a. Kaffiservering for dei som vil stoppa for ein drøs.

14.00 Slutt for dagen

*Me følgjer helsemyndigheitenes og Misjonshusets råd for smittevern.*

## INNSAMLINGSAKSJON (kronerulling)

NMS Varhaug vil gjennomføra ein innsamlingsaksjon som startar i samband med NMS møteveke i slutten av oktober og pågå til 15. desember. Dette vil ha ekstra fokus i løpet av messehelga og dei første par vekene etterpå.

### Utfordring

Me oppfordre folk til å *gje eit beløp tilsvarande det dei elles ville brukt i forbindelse med julemessa.*

I tillegg håper me at mange vil *gje noko ekstra for å dekke opp for basarar og andre arrangement som har måtta gå ut i år.*

### Innsamling/betaling

Beløp kan betalast til konto 3335.31.92871 (gebyrfritt for NMS) eller Vipps 627533 (NMS Varhaug Julemesse).

På møter/samlingar kan ein også betale med bankkort eller kontantar.

### Gevinstar

Me vil trekka nokre få gevinstar/gåvekort blant dei som deltek i innsamlinga.

### Oversikt/resultat

Innsamlingsstatus vil bli gitt på heimesida til Misjonshuset og på Facebook (NMS Varhaug).

*Me set pris på all pengestøtte til årets messe!!*



*Nonnmisjon Vigrestad, Varhaug og Nærbo arrangerer*

## Julemesse møte

med hovudtrekning på Vigrestad Misjonshus

fredag 6. november kl. 19.00

Tale av Kristin Bøhler

Trekning av flotte gevinstar: bålpanne, kunst, sykkel, gavekort m.m.

Servering av kaffi og sjokolade i døra før møte startar.

**Velkommen!**

Arrangementet overheld gjeldande smittevernreglar.

Det vil verta salg av lodd til basaren på førehand på Coop Vigrestad, Spar Varhaug og Mega Nærbo.

Me oppmodar til å gi ein gave til julemessa på vippsnummer 542809

**EIK**  
**SENTERET**

**Vi er der når du trenger oss**

*Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798*

*Hjemmeside: [jts.as](http://jts.as)*

**ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER**

**Elektrofag Jæren**

**Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • [post@elektrofag.no](mailto:post@elektrofag.no)**

**En god kontakt på Jæren**

**EL-PROFFEN**

## Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.  
Scan QR koden og kom rett til  
bestillingssiden. Eller gå inn på :

[www.ledigtime.no/sentrumsalongen](http://www.ledigtime.no/sentrumsalongen)



# SPAR



### SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19

E-post: [spar.varhaug@ngbutikk.net](mailto:spar.varhaug@ngbutikk.net)

Opningstider 06.30 - 21.00  
(08.00-20.00)

## SpareBank 1

SR-BANK

## T. SKRETTING MASKINSTASJON

Dysjalsandsvegen, 4360 Varhaug

### Trond Skretting

mob. 906 80 143

mob. 975 54 681 (Erik)

[trond@tskretting.no](mailto:trond@tskretting.no)

[www.tskretting.no](http://www.tskretting.no)



## VARHAUG AMEFRISØR

Brit Jane Varhaug  
Einervegen 3  
Tlf.: 51430757

# Varhaug Park & Hage

Tlf: 51 43 59 00 e-post [post@vph.no](mailto:post@vph.no) [www.vph.no](http://www.vph.no)



Murmester

Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid

Tlf: 992 50 989

Epost: [post@waldeland-dubland.no](mailto:post@waldeland-dubland.no)

## HUS • TILBYGG • REPARASJONER

*Be om pristilbud på arbeid og materialer*



# Litt om barnearbeidet på misjonshuset i coronatida.



Karin Lerbrekk

## Humblebølet

Dei minste har i mange år kunna gå på Humlebølet ilag med ein vaksen kvar tysdag kl 10 - 12, men corona sette ein stoppar for dette i mars. Grunna utfordringar med å halda smittevern-reglane, har Humlebølet pause inntil vidare. Difor er det ikkje samlingar i haust.

## Sundagsskulen

Sundagsskulen føregår vanlegvis annankvar sundag i oddetalsveker frå kl 10.30 - 11.15, men ut dette året vil det bare verta sundagsskule kvar fjerde sundag. Det har vore pause eit godt halvår pga. corona, men starta opp att sundag 27. september. Neste sundagsskule vert 25. oktober. Grunna corona er det litt redusert program, dvs vanlege aktivitetar som laging og leik, utgår. Det er først ei samling i møtesalen for alle, der barna og føresette sit ilag, med avstand til dei som ikkje er familie, slik det er nå for tida. Så er det andakt i grupper, der dei frå 2.klasse og eldre går for seg, og dei minste vert igjen i møtesalen ilag med foreldra.

I år er den tradisjonelle juletreffesten 3.juledag avlyst. I staden vert det litt ekstra program siste gong før jul, 20.desember. Då vil 4.klassingane få kvar si bok med takk for all den tida dei har gått på sundagsskulen. Det betyr ikkje at dei er for store til å halda fram, så dei vert oppfordra til å vera med vidare.

## Awana

Awana er eit forholdsvis nytt barnearbeid på misjonshuset. Det føregår sundagar i partalsveker frå kl. 10.30 - 12, samstundes med føremiddagsmøte for vaksne.

Før corona vart ungene delte inn i tre grupper: 0-3 år, 4 år-4.klasse og 5.klasse og oppover. Førebels er 0-3 gruppa ikkje oppstarta, det er vanskeleg å halda smittevern-reglane blant dei minste.

Awana hadde si første samling etter coronapause sundag 4. oktober. Det kom godt med ungar trass haustferie. Sidan nedstenginga i mars har det vore digitale samlingar, og ein del ungar har følgd med på det. Nå nyttar ein matsal, kjøkken, ungdomsloft og kjellaren. Ein har vekselvis Bibelundervisning, leik og aktivitetar. Ungane vert delte inn i små grupper, då har dei lov å leika ilag utan å tenkja på 1 meters avstand. Leiarane kjenner på at smågrupper er positivt. Det er lettare å sjå den einskilde, og det har kome gode tilbakemeldingar frå store og små.

Ei branndør og eigne inngangar skil arrangementa mellom ungene og dei vaksne, og då kan det vera opp til 200 stk. på kvar plass om smittevern-reglane tilet det.


Slik er stoda nå, så får ein sjå kva 2021 byr på når så langt lir.

**EL-TEAM**  
Elektroentreprenør

Belysning-  
prikken over i 'en

Tlf: 51486740  
firmapost@el-team.net  
www.el-team.net

TA KONTAKT



# Smittereglement

Misjonshuset var stengt for møtevirksomhet i over tre måneder, men etter 15. juni vart det opna for arrangement for inntil 200 personar så lenge visse standarder vert oppfylt. Om ein organisasjon eller gruppe ønsker å arrangera noko på Misjonshuset, må gruppa ha ein ansvarlig leidar som tek ansvar for at alle standarder vert fylgt. Misjonshuset har utvikla ei sjekkliste for smittevern som skal brukast. Denne ligg på Misjonshuset si nettside: «sjekkliste\_for\_Covid-19\_smittevern\_for\_Misjonshuset» Den er og å finna som PDF-fil revidert 8/10-2020 «Smittevernstandard Covid 19» og evt. «Smittevernveileder barn og ungdom» er aktuelle dokumenter vi har å gå etter. Desse kan ein få ved å ta kontakt med den i husstyret, som har vekevakt, eller kan lastast ned frå linkane på nettsida til Misjonshuset: [www.varhaug-misjonshus.no](http://www.varhaug-misjonshus.no) Ansvarlig leiar må bestilla huset som vanleg og i god tid ta kontakt med den som har vekevakt for å klarera detaljer i forhold til hygienetiltak mm.

Sjekklista for gjennomføring av arrangement på Varhaug Misjonshus i forbindelse med Covid-19:

Det er tillatt å arrangere møter der max 200 er tilstades. Alle smittevernreglar skal fylgjast.

## Ansvar:

- Husstyret har ansvar for at generelt reinhald vert utført. Husstyret har kjøpt inn hygieneutstyr.

- Den som har eit arrangement, må oppnemna ein som er ansvarleg for gjennomføring av arrangementet.

- Det skal vera ein smittevernansvarleg person som har ansvar for at gjeldande sjekkliste vert fylgt. (Sjekklista byggjer på myndighetene sine smittevernråd, Norges kristne råd/ organisasjonene / Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner / [frivillighet.norge.no](http://frivillighet.norge.no))



Frå venstre: Janny Flåte, Halldis Skårland, Gunnhild Nord-Varhaug, Kirsten Valen Skretting, Marit Skrettingland Jakobsen, Kjellaug Aanestad Varhaug, Ruth Madland, Liv Reiestad, Ågot Lima Hovland, Margit Helgevold Husveg, Møyfrid Skrettingland, Laila Aanestad.

# Nor-kvinner i stor teneste

«Eg har ei teneste stor for Gud», skreiv den blinde salmediktaren og emmisæren, **Matias Orheim (1884-1958)**.

Sjur Håland

Den kjende og kjære verselinja høver godt for dei 12 Nor-kvinnene på Varhaug som samlast til kvinneforeining annankvar måndag gjennom skuleåret. Dei følgjer også Matias Orheim i ein annan song; «Kvardagskristen vil eg vera». Tenesta deira har inga tidsavgrensing. I Guds rike sitt arbeid går ingen av med pensjon. Foreiningsmedlemmane er med så lenge dei greier - og litt til.

## Smittevern

Gunnhild Nord-Varhaug er for tida leiar i foreininga. Me møter henne og dei fleste andre på ein ganske alminneleg foreiningskveld. Denne måndagen er det Møyfrid Skrettingland som er vertinne. Stova hennar i Revhaugvegen er pynta.

To bord er dekte. Smittevernreglane blir haldne, Møyfrid har sytt for tilstrekkeleg avstand mellom stolane. I gangen blir det servert sprit. Ein heller uvanleg tradisjon i ei misjonsforeining. Men så bør det vel nemnast, for dei som måtte lura, at spriten er til utvortes bruk.

Det vanlege har vore å ha foreining på kveldstid.

*- Men nå har me blitt så pass vaksne at me frå i haust av har starta foreiningskveldane klokka fem. Me blir eldre og tykkjer det er godt å ha kveldane heime, kommenterer kvinnene.*

## Fast form

Varhaug-foreininga Nor-kvinnene kom i stand etter at Santalmisjonen og Ryfylke og Jæren Indremisjon (del av Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap) fusjonerte i 2001. Då vart to foreiningar slått saman

til ei. Fleire av kvinnene har vore kvinneforeining-aktive sidan 1970-talet.

Nor-kvinnene på Varhaug tek det brå mannfolkbesøket på sporty vis, og gir meg eit lite innblikk i korleis det heile går føre seg. Foreiningskveldane har ei fast form. Den som var vertinne gongen før, leiår kvelden. Denne kvelden er det Ågot Lima Hovland som har rolla som foreiningsleiår. Etter ei opning, er det bordvers og ei god matøkt med kaffi.

- *Då pratar me fritt om laust og fast. Det er også ein del av det å vera i lag ein foreiningskveld, understrekar dei.*

### Syng mykje

Etterpå er ordet fritt. Då kan dei som ønskjer det, dela tankar, eit bibelvers, eit andaktstykke eller eit songvers med dei andre.

- *Då får alle seia det som ligg dei på hjarta, seier Gunnhild.*

Oftast brukar dei også å gå gjennom tekstavsnitt i ei bok som tek opp aktuelle spørsmål frå misjons- og kristenlivet. Orientering om Normisjon-aktuelt frå krinsen er også ein naturleg del av foreiningskvelden.

- *Så syng me i lag. Tenk det, du. Me likar så godt å synga, seier ei av kvinnene, og får stadfestande nikk frå dei andre foreiningsmedlemmane.*

Ein foreiningskveld utan bøn er utenkjeleg. Også bønene kjem fritt frå den einskilde sitt hjarta. Dei ber særleg for misjonærar ute i teneste med røter i nærmiljøet og for tilsette og friviljuge som er i teneste i kretsen. Ein liten boks der dei kan leggja lappar med bønema er også i bruk.

- *Til eldre me blir, til meir ser me viktigeita av å be saman. Me erfarer at bøn er ei teneste der det er sær god bruk for oss i vår aldersgruppe, seier Gunnhild.*

### Vanskeleg med rekruttering

Etter fleire tiår saman, er banda tette. Samhaldet er sterkt, og dei kan vera opne og samstundes kjenna seg trygge.

- *Opplever de at de er siste generasjonen som driv indre- og ytre misjon på denne måten i bygda, eller kjem dei unge etter?*

- *Heldigvis har fleire andre av dei kristne organisasjonane på Varhaug unge kvinneforeiningar, det gler me oss stort over. Men det er klart me saknar at også Normisjon hadde hatt unge kvinner som ville gått inn i foreiningsarbeidet. Slik er det dessverre ikkje nett no, men det er lov å håpa, seier Gunnhild.*

Nor-Kvinnene har erstatta runden med bøssa med fast givarteneste til Normisjon. Ei ordning som fungerer godt. Basaren brukar å vera i oktober, men i år må tradisjonen vika på grunn av koronaviruset. Det er også knytt spaning til gjennomføringa av Normisjon si tradisjonelle julemesse på Vigrestad dette spesielle året.

### Mykje liv

Blant høgdepunkta gjennom foreiningsåret er avslutningskvelden før sommarferien. Julemøtet er også ein spesiell kveld. Då er det høgtid med julegraut på menyen. Denne kvelden har dei også med seg ein representant frå kretsen.

Besøket mitt er over. No skal foreiningsmedlemmane få kvelden for seg sjølv. Eg takkar for meg.

- *Du har fått med deg at det framleis er liv i oss, seier Ågot Lima til meg og smilar breitt i det eg er på veg ut til spriten i gangen.*

- *Ja, takk, er mitt svar. - Her er det mykje liv!*

**I tillegg til Nor-kvinnene er det to andre Normisjon-kvinneforeiningar på Varhaug. Den eldre Nor-foreininga med seks medlemmar og Koblei-foreininga, som også har seks medlemmar. Koblei vil gjerne ha fleire medlemmar. Er du interessert, er det berre å ta kontakt med leiaren i kvinneforeininga, Solvor Rasmussen.**



**VoldenTollefsen AS**

Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / [www.voldentollefsen.no](http://www.voldentollefsen.no)



# Der mesteren vandra

Per Åge Skretting


Bergpreika er ein viktig referanse i kristendommen og vestleg kultur fordi den oppsummerer mykje av Jesu si lære. I tillegg har fleire daglegdage uttrykk som «ulv i fåreklær» og «perler for svin» sitt opphav i Bergpreika.

## Tabgha

Tabgha ligg like ved sjøkanten på nordsida av Genesaretsjøen.

Her ligg ei lita kyrkje som er kalla Mensa Christi. Den er reist av fransiskanarane i 1933 til minne om at her gjorde Jesus Peter til kyrkja sin leiar. I Joh. 21 står det om Peter

sin fiskefangst. Her var det 7 varme kjelder som rann ut i sjøen og gjorde at fiskane treivst svært godt. I dag vert mineralrikt vatn frå desse kjeldene leda i røyr langs vestre strandkant like til der Jordanelva har utløp frå Genesaretsjøen. Dette fordi det mineralrike vatnet er skadeleg for miljøet i Genesaretsjøen.






Inne i kyrkja er det ein flat stein rett framføre alteret. Bysantiske pilegrimar gav denne steinen navnet Mensa Christi (Kristi bord) fordi dei meinte at det var på denne steinen Jesus serverte læresveinane frokost ein morgon.

Her er det lett å førestilla seg båten, tom for fisk, på veg inn og Jesus som hadde gjort opp eld. Han står på stranda og venter. Han seier: Har de ikkje fisk? Gå ut igjen og kast garna på høgresa av båten. (Joh. 21)

Frå kyrkja er det kort veg ned til strandkanten. På veg ned går me forbi ein hjørneforma stein, ein såkalla hjørnestein som var ein viktig stein under husbygging både før og etter Jesu tid. Denne steinen vart plassert i et hjørne der to vegger møttest og var bestemmende for grunnmuren til bygget. Jesus omtala seg sjølv som hjørnesteinen. (Matt. 21,42 og Mark, 12,10)

Like ved denne kyrkja er det reist ei anna kyrkje på staden der tradisjonen seier at Jesus metta dei fem tusen. Inne i kyrkja er heile golvet dekkja av mosaikk, og framme ved altaret på golvet er motivet dei dei to fiskane og dei fem brøda.



## Saligprisingfjellet

Like ovafor, ca 1 km i luftlinje ligg Saligprisingfjellet. Her er det flott utsikt over Genesaretsjøen. Det var i dette området Jesus held Bergpreika.

I I Saligprisingane finn me likninga om lys og salt, bøna «Vår far», Den gyldne regel («nestekjærleiksbodet»), og likninga om huset bygd på fjell. Bergpreika finn me i Matt.

5-7. Talen til Jesus vert innleia med dei åtte «saligprisingane».

Det er fransiskanerane som eig dette området og. Her er det og bygd ei kyrkje, eit kloster og eit hotell. Kyrkja er bygd i 1937 og er teikna av den kjende italienske arkitekten Antonio Barluzzi. Den er åttekanta (oktogen) for å markere de åtte saligprisingane.

Etter besøket på Saligprisingfjellet pleier me, om været er fint, å spasera ned til Tabgha. Turen er ikkje lang, og midtvegs er det et reist eit minnesmerke som har med Misjonsbefalinga å gjera, Matt. 28,18-20. Me er midt i kjerneområdet for Jesu liv og virke.

Kapernaum ligg ca ein km til venstre rett ved Genesaretsjøen.





Mellomlanding på Paris flyplass

## Hilsen fra Tunisia

4. september satte vi i familien Rasmussen snuten mot Nord-Afrika og Tunisia. Det var spesielt å være på reise under Covid-pandemien. I forkant av reisen, måtte vi følge nøye med på stadig endrede reguleringer, både i Norge og Tunisia. Hele familien måtte ta Covid test, og med skriftlig bekreftelse på at vi var covid-negative, kunne vi ta av for Tunisia. På reisetidspunkt var Norge

heldigvis et grønt land, noe som gjorde alt mye lettere. Vi var glade og takknemlige da vi endelig var trygt framme i Sousse.

Nå har vi vært i Sousse, Tunisia, 5 uker. Covid-situasjonen i landet og regionen er dessverre vanskelig, og blir stadig verre. Vi må bruke munnbind på alle offentlige steder. Alle barn over 12 år må også bruke munnbind hele skoledagen.



Bilen vår



*Barna i skoleuniform*

Fra 20.00 til 06.00 er det portforbud, og sosiale arrangementer er svært begrenset. Vi er heldigvis friske, tar forhåndsregler og klarer oss bra.

Da vi kom til Tunisia, fikk vi bo i en leilighet ved stranda til vi fant et hus å leie. Det var noen fine uker, men med mye kjøring til og fra skole. Vi er takknemlige for å nå bo i et hus med en mer sentral beliggenhet. Det er et stort hus, men ganske gammelt. Mye å ta tak i, men vi trives godt og har et stort uteområde der barna kan leke. Anne Mari jobber som Vice Principal på Sousse International School Secondary. Alle 4 barna har begynt på denne internasjonale skolen (Primary og Secondary). Barna klarer seg stort sett bra, og blir stadig bedre i engelsk. Alle har blitt kjent med nye barn, og vi gleder oss over nye vennskap.

Rasmus har hatt fulltidjobb med å skaffe oss bil, hus, internett, vognkort osv. Alt er tungvint og tar lang tid her. Det er ikke et tastetrykk unna, men en papirmølle med fysisk oppmøte på kontor etter kontor. Vi begynner å komme oss godt til rette, og ser fram mot tiden som ligger foran.



*Jentene utenfor huset vårt*

# Mi bok

## «Dronning i Guds utmark»

Sigbjørn Varhaug

Eg vil fortelja frå ei bok eg vart kjend med for 2 år sidan. Den berørte meg verkeleg. «**Dronning i**

**Guds utmark»** heiter den, og er skriva av Astrid Daatland Leira.

Det

handlar om ho Sina Homstøl, som kom i unge år frå Lofoten til Amerika, og enda opp som kåna på ein fjellgard langt nord i øvre Kvinesdal, i ein alder av 47 år. Her vart ho «dronning i Guds utmark» i 30 år.

Det er ei forteljing om «levd liv». Eg har fortalt om dette på Lerbrekke skule, i ein samanheng og då kom ei dame etterpå som hadde vakse opp i Fjotland og sa: «Dette var fantastisk å høyra på, eg har vore i lag med Sina på ein juletreff ein gong. Men du veit mykje meir enn meg om henne.»

Kor ligg Homstøl? Og korleis kjem ein dit? Då må me tenkja på det store «Kvinavassdraget, som starta 13 mil inn i fjellheimen, frå Bosvatnet i Bykle i Setesdalen. Herifrå buktar elva Kvina seg nedover. Passerar Rosskreppfjorden, Kvifjorden, - for å nemna noko. Så går elva i meir avslappa rytme og fortset mot Salmeli. Der aukar den farten att i stryk og fossar, før den når fram til Homstølvatnet. Men elva held fram si ferd mot havet, ned Vesterdalen i Kvinesdal, passerar Storekvina stasjon, gjennom Liknes sentrum, og ut i Fedafjorden og storhavet.

Då Sina kom til Homstøl, i 1935, var det bilveg til Risnes, og så måtte ein gå minst ei mil inn i fjellheimen, + ro over Homstølvatnet før ein kom fram til garden. I dag er det enklare å koma dit, for vegen kom etter det vart folketomt. Kan ta med at Knaben Molybdengruver er ei mils veg sør-aust frå Homstøl. Salmeli ligg 5-6 km nord for Homstøl.

Kven var denne Sina Homstøl som i 1935 traska innover i fjellheimen.- Til ein tilværelse ho ikkje hadde peiling på? Ho hadde ikkje same dialekten



ein gong som i Fjotland. Sina var fødd i 1888, på garden Hov på Gimsøy, nord-vest i Lofoten, med Nordishavet rett inn. Ho vart døypt, Hansine, i den vesle kyrkja på Gimsøy, - som er sikra med bardunar, mot stormane. ( Dette har eg sett med egne auge.)

Men Sina som ho enkelt vart heitane, var yngst av 10 sysken. 3 av dei var døde før Sina var fødd. - Dei fyrste barneåra hennar var ei lukkeleg tid. Men då ho var 7 år gjekk det gale på sjøen, då faren skulle ro presten i åpen båt. Dei vart berga, men faren fekk lungebetennelse og døyde kort tid etter. Mor hennar døyde då ho var 14 år, dagen etter at Sina vart konfirmert. Det blei ei tøff tid for denne unge jenta. Ho mista både mora og bestemora på kort tid, - i tillegg omkom 10 unge menn frå heimstaden hennar. Dei vart overrumpla av ein veldig vinterstorm, når dei var på fiske.


Eine broren gifta seg, og dreiv garden vidare. Den nye kona var alt anna enn enkel å ha med å gjera. Sina prøvde så godt ho kunne å gjera henne til lags. - Fleire eldre brør hadde reist til Amerika tidlegare.

Desse skreiv ho til i sin nød, - og 17 år gamal pakka ho kofertane.

Kom seg med båt til Trondheim og vidare til Oslo. Derifrå med Den Danske Amerikalinjes, «Heilag Olav» i tri veker over Atlanteren, før dei nådde New York.

I Minnesota traff ho brødrene sine.

I 30 år vart Sina Hov, som ho ennå heite, i Amerika.



Det var i menigheta ho gjekk i der borte, at ho blei kjend med Torkel Homstøl. Dei vart gode venar, og ho likte Torkel, men noko ekteskap var det aldri snakk om.

I 24 år har nå Torkel vore i Amerika, då mor hans dør i 1934, og bare nokre veker etterpå dør einaste igjenlevande bror hans. Då var Torkel nødt til å reisa heim, og «ordna opp med garden». Han følte det var godt å vera heime og han kjøpte straks opp 45000 mål med hei, utmark og vatn av Knaben- gardane. Så skreiv han brev til Sina og spurde om ho kunne tenkja seg å koma til Norge og hjelpa han. Etter ein veldig kamp både med seg sjølv og med Gud fann ho det rett at ho skulle reisa. Så etter ei stund gleid Amerikabåten inn til Stavanger med Sina om bord. Torkel tok imot henne på togstasjonen i Flekkefjord. På den lange «skranglete» bussturen til Fjotland fekk dei god tid til å snakka saman. Då fortalde Torkel at han hadde kjøpt ringar, så dei fekk gå innom prestekontoret på Åsemoen, og «ta ut lysing». Etterpå måtte dei overnatta på Risnes, før dei neste dag måtte gå dei 11 km i ulendt terreng med tunge bærer. Sina blei meir og meir misssmodig, og då dei kom fram sette ho seg på ein stein, falda hendene og bad: Kjære Far i Himmelen. Du som viste meg vegen eg skulle gå, - gjev meg også dei kreftene eg treng for å gå den.» AMEN.

Eit nytt kapittel i Sina og Torkel sitt liv er begynt. Men at det var så primitivt der inne i Homstøl, hadde den nygifte kona aldri makta å førestilla seg, om Torkel hadde prøvt å fortelja det. Ikkje straum, ikkje innlagt vatn, ikkje telefon, ikkje radio. -Alt dette var ho vant med ifrå Amerika. Skulle dei få rett dei folka på Risnes, som gret på hennar vegne,- og sa at dette klarar du aldri. -Gode Gud, Hjelp meg, eg skal klara det, sa ho med seg sjølv.

Nokre dagar etter kom ein slektning av Torkel, Anna Solhom, frå Salmeli, på besøk. Då Sina kom til syne,- tenkte Anna med seg: Kan dette vera kåna til Torkel,- slik ei flott verdensdama, og så gå i finkjole på ein kvardag. Ho sa det ikkje høgt. Rette bare fram handa og seier venlig «Eg vil bare ynskja deg velkommen.» Desse to vart gode venar og naboar, om det var 6 km til fots, mellom dei.

På Homstøl har det budt folk i mange generasjonar, ca 400 år bakover. Derfor var plassen kjend for vandringsmenn i fjellet, sauegjætarar m.m. Mor til Torkel hadde teke imot gjester i si tid, med matstell og overnatting. Nå var det Sina sin tur. Dei haust av naturen, hadde 5 kyr, 1 hest, 1 gris, ein del sauer

og geiter. Klarte å dyrka poteter, kålrot og rødbeter. Korn gjekk ikkje,- så Torkel hadde kontakkt på Jæren, som sende 100 kg-mjølsekker til Tonstad. Herifrå måtte han få dei heim med hest og kløv. Den vegen var 2 1/2mil kvar veg. Han hadde god trening i å gå. Han hadde overteke Postruta etter broren. Den var 4 mil lang, 2 dagar i veka.

Etter kvart tok det seg voldsomt opp med folk som ynskta å få nokre dagar i Homstøl.- særleg i påska og i sommarferien. I slike periodar var det vanleg med opptil 20 personar som fekk mat og soveplass, dagleg. Ein gong opplevde ho at 60 stk. kom innom for å få mat, på ein dag. I snitt bakte ho 20 brød i veka, og det var og ho som tok seg av dyrestellet. Mykje av tida stod ho til langt på natt og vaska opp etter servering. Folk undrast på kor tid den dama sov. Ho nekta bestemt å ta imot betaling, men ho hadde sett nokre krukker rundt om i huset. Dei pengane skulle gå til misjonen. Ja slik heldt dei på i nærmare 30 år.

I 1941 fekk dei telefon i huset. Direktøren for Telefonselskapet i Stavanger, var ofte gjest i Homstøl, og han såg kor nødvendig det var.

Midt på 50 talet begynte det å koma nokre øvrigtspersonar og ingeniørar til Homstøl. Desse ville helst ha Torkel med seg ut i heieområda. «Kva er det desse folka vil?» spurde Sina. Det var noko med desse folka ho ikkje lika. Men Torkel unngjekk alltid å svara henne, - men til slutt måtte Torkel gjera henne kjent med at dette var førebuing til noko nytt og stort. Sira-Kvina skulle byggja Kraftverk på Tonstad, og då vil dei setja heimen vår under vatn. 27 meter vatn skal det koma over garden vår. Dette var aldeles grusomt for Sina. Ho vart sint, ho gret, ho ropte til Gud.- Alt dette eg har vorte så glad i, og så skal det plutseleg bare vekk.

Torkel prøvde å roa henne med å seia: «Ja, men me får nå så pass med pengar, at me kan få oss ein ny heim nedmed Flekkefjord». «Ja, men det er dette som er mitt,» sa ho og gret.

Men utpå hausten 1965 stod tunet på Homstøl under vatn. I ettertid sa Sina at den kampen ho gjennomlevde, - då ho forstod ho måtte flytta frå Homstøl, - den var verre enn den ho hadde då ho kom for 30 år sidan. Sina og Torkel fekk seg ein ny heim ved Søylandstjernet i Flekkefjord. Torkel døde i 1971, men Sina fekk endå mange år. Ho døde i 1984 - 96 år gamal, - Dronninga i Guds utmark.

# Prisar for leige av Misjonshuset

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. Januar 2021

Betaling til konto nr: 3335 11 24011 ----- eller ein kan nytte VIPPS nr 538580	Kristelegge arrangement		Anna bruk	
	Eigarorgani sasjonanene (NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	400	600	1300	2000
Anretnings kjøkken	400	600	1000	1200
MATSAL 1)	300	400	1200	1600
Kjøkken 2)	300	500	1200	1600
Ungdomssal	400	500	1200	2000
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	200	200	200
Foreningsrom 4)	100	200	200	200
Barnekjeller 5)	150	200	200	200

- Merknad
- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
  - 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
  - 3): gratis for bønnemøter
  - 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
  - 5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal kr. 5000 \*)  
 ” ” : bruk av anr.kjøkken og møtesal kr. 3500 \*)  
*Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.*  
 \*): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på søndag	1200	1300
Møteveke med fest på søndag	1600	2100
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	9000	-----
Basar (med tillaging dagen før)	1500	1500

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET

Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris pr stk	andre tenester	Pris pr time
Dukar (lin)	kr. 150.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200
Dukar (teflon)	kr. 100.		
Dukar (velour)	kr. 50.		
Bord (matsalbord til private selskap)	kr. 40.		
Stolar (gamle matsalstolar)	kr. 10.		

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Varhaug, 27.mars 2020  
 Styret for Varhaug Misjonshus.

# Faste arrangement

Faste arrangement ajourført 7/10-2020

## Faste arrangement på Misjonshuset

Vær grei og meld fra om endringer til [post@varhaug-misjonshus.no](mailto:post@varhaug-misjonshus.no)

arrangement	dag	tidspunkt	rom	Kontakt	tlf
<i>Høst -20</i>	Man. + torsdag (ikkje i ferie) mandager (pluss kl 1945-2030) -----PAUSE pga Corona	0900-1300 1330-1815	Matsal Matsal	Jeanette Tegle Tveit Ragnvald Wernøe Kjellaug L. Røynås	41532651 41532618 92233840
<b><i>faste arrang- ementer</i></b>	fredager torsdag, oddetallsveke torsdag, partallsveke 1. og 3. onsdag i mnd Søndag, oddetallsveke torsdag, partallsveke 2.kl 1645	2000-2330 1630-1800 1630-1800 1400-1600 1030-1100 3. 1745, 1845	ungdomssal matsal/kjøkn (møtesal?) matsal/kjøkn (møtesal?) matsal møtesal, matsal ute, Odlandsskogen	Ola A. Ueland Kristin F. Skrettingland Silvie Haugstad Lars-Jan Nord-Varhaug Gunn Marit Djøseland Åse Marie Varhaug	47232012 41106529 48235569 51431002 95911271 90702567
<i>Høst -20</i>	aman kvar onsdag fredag, partallsveke lørdager, hele året søndag, oddetallsveke søndag formiddag, partallsv. søndag formiddag, partallsv. tirsdager i oddetallsuke	1900-2030 1800-2100 2000 1930 1015-1230 1015-1230 2030-2130	ute Ungds., kjøkken, kjeller ungd.sal (eller møtesal) møtesal møtesal barnekj./ungd.loff/matsal bønnerom	André Vagle Mari Grove Sigve Kydland Liv Skretting Torbjørn Homnemyr Gina Ueland Solveig Horpestad	48145331 99262949 91372021 97578557 47856501 47870409 41731007
<i>Høst -20</i>					

<b><i>Kor- øvninger</i></b>	Mimikor yngreskor Hananja UL-Lovsangsgruppe SUNDAG lovsangsgruppe	1715-1750 1815-1915 2000-2230 1900-2130 1900-2130	Møtesal Møtesal møtesal/matsal møtesal eller ungd.sal Møtesal eller ungd.sal	Marie Vatne Dyngeland Anne M. Fauskanger Njål Omland Marta Maria Håland Anne Birgitte L. Bøe	98817527 95935486 51431057 91245354 97100737
---------------------------------	---	---	--	--	--

# VARHAUG MISJONSHUS

## VAKTLISTE 2020-2021

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>								.
<b>Solfrid Harbo</b> <b>482 53 765</b> (Asbjørn Fauskanger 94157641)	<b>11</b> 9/3	<b>19</b> 4/5	<b>27</b> 29/6	<b>35</b> 24/8	<b>43</b> 15/10	<b>51</b> 14/12	<b>6</b> 8/2	<b>14</b> 5/4	
<b>Kristian Skrettingland</b> <b>913 75 393</b> (Andreas Rasmussen 95768809)	<b>12</b> 16/3	<b>20</b> 11/5	<b>28</b> 6/7	<b>36</b> 31/8	<b>44</b> 26/10	<b>52</b> 21/12	<b>7</b> 15/2	<b>15</b> 12/4	
<b>Per-Arvid Jakobsen</b> <b>51430082/926 17 652</b> (Tor-Jarle Ueland 91671417)	<b>13</b> 23/3	<b>21</b> 18/5	<b>29</b> 13/7	<b>37</b> 7/9	<b>45</b> 2/11	<b>53</b> 28/12	<b>8</b> 22/2	<b>16</b> 19/4	
<b>Torbjørn Honnemyr</b> <b>479 56 501</b> (Martin Dyngeland 97055506)	<b>14</b> 30/3	<b>22</b> 25/5	<b>30</b> 20/7	<b>38</b> 14/9	<b>46</b> 9/11	<b>1</b> 4/1	<b>9</b> 29/2	<b>17</b> 26/4	
<b>Astrid Varhaug</b> <b>51430336/992 29 781</b> (Sigbjørn Varhaug 97053731)	<b>15</b> 6/4	<b>23</b> 1/6	<b>31</b> 27/7	<b>39</b> 21/9	<b>47</b> 16/11	<b>2</b> 11/1	<b>10</b> 8/3	<b>18</b> 3/5	
<b>Tron Stokkeland</b> <b>957 04 903</b> (Leif Nord-Varhaug 91192055)	<b>16</b> 13/4	<b>24</b> 8/6	<b>32</b> 3/8	<b>40</b> 28/9	<b>48</b> 23/11	<b>3</b> 18/1	<b>11</b> 15/3	<b>19</b> 10/5	
<b>Georg Høien</b> <b>414 74 560</b> (Kjell Gunnar Arnesen 95486532)	<b>17</b> 20/4	<b>25</b> 15/6	<b>33</b> 10(8)	<b>41</b> 5/10	<b>49</b> 30/11	<b>4</b> 25/1	<b>12</b> 22/3	<b>20</b> 17/5	
<b>Tarald Ånestad</b> <b>906 37 516</b> (Ståle Ånestad 94885541)	<b>18</b> 27/4	<b>26</b> 22/6	<b>34</b> 17/8	<b>42</b> 12/10	<b>50</b> 7/12	<b>5</b> 1/2	<b>13</b> 29/3	<b>21</b> 24/5	

---

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå [http://www.varhaug-misjonshus.no/?page\\_id=752](http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752)

Styret for Misjonshuset.

## KULLSYREMASKIN

FRA AGA



**899,-**  
inkl. patron



bytte av  
patron  
149,-

Finnes i sort eller hvit

## VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

MALER OG GOLVLEGGER

# Jæren Gulv AS

Varhaug • Tlf. 488 48 700



## JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

**VAKRU**

*Ungdom for Kristus*



# Mål for ungdomslaget

- 300 000 til misjonsprosjektet
- Jesus med i alt
- 2 nye bibelgrupper

